



Prosjekt CH 29
Ostereidet, 15/6 2106

Lindås kommune
Kultukontoret
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Med dette vil vi takka så mykje for den tildelte støtta til prosjektet CH 29.

Arbeidet har hatt god framdrift. Hovudgrunnane til det er:

- (1) Godt frammøte og samarbeid av kyndige folk på faste arbeidsdagar.
- (2) Fri tilgang til veleigna verkstadlokale på Fammestad, med gratis oppvarming, lys, ventilasjon bruk av maskinelle og manuelle reiskapar og fri tilgang til det stadlege teiknekontoret.

Dette gjer at vi alt er i forkant av den før innsende prosjektplanen. Mellom anna har vi nett bestilt originale, nyproduserte dekk, og alle tidsrette komponentar til motor, bremse- og styresystem er anten fornya eller nyanskaffa. Vi håpar på å fullføra fase 2 (Chassis/motor) i løpet av hausten 2016.

Fase 3 (Karosseri) er under førebuing: Trematerial til «reisverket» er såleis bestilt og ligg no til turking. Aluminium og stålplater blir det neste, så vindaugsglas, finerplater, golvplank og anna byggingsmateriell, og dernest produksjon og innreiing av stolsete og anna. Materiell til denne fasa er det aktuelt å byrja å bestilla alt i haust.

Vi baserer oss som før heilt og fullt på å gjera arbeidet etter antikvariske retningsliner og samstundes med det mål at bilen skal få passasjersertifikat og koma i aktiv bruk, irekna samspel med D/S OSTER.

I samband med sommarferien vert arbeidstakta noko redusert. Til gjengjeld tek arbeidet seg for alvor opp att i slutten av august 2016 Ved årets slutt vil det føreliggja rekneskap.

Vi vil òg takka for den tiltru Lindås kommune syner ved denne tildelinga.

Venleg helsing

Alf Angeskár
Alf Angeskár (s.a.)

Vidar Lehmann
Vidar Lehmann (s.a.)